

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 101970 - 139	
DATO 02 FEB. 2011	
AN	EKSP.

Folkestad Kraftverk AS  
6120 Folkestad  
NO 988008192 mva

Folkestad 28. januar 2011

## Olje- og Energidepartementet

Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

### Uttale i høve høyring til ny lov om elsertifikat

Vi syner til høyringsnotat av 8.12.2010 om ny lov om elsertifikat

Folkestad Kraftverk AS vart skipa 28.2. 2005 etter at Folkestad Fallrettslag skipa 19. januar 2004 hadde arbeidd med planer om utbygging av småkraftverk i Storelva på Folkestad. Denne organiseringa kom som fylgje av politiske oppmodingar om å arbeide for løysingar med småkraftverk for å auke produksjonen av fornybar energi.

Stortingsmelding nr 18 (2003-2004) og Stortinget si handsaming av den stadfesta eit inntrykk av at myndighetene såg med velvilje på ei satsing også på småkraftverk rundt om i bygdene. Den breie politiske oppslutninga i Stortinget om småkraftverka si viktige rolle samt forslaget frå Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet om å forsere arbeidet med å etablere eit sertifikatmarked alt frå 1. januar 2005 var ein stor stimulans til å arbeide vidare med dei planer vi hadde.

Folkestad Fallrettslag utgjer 40 grunneigarar i bygda og 30 av desse eig Folkestad Kraftverk As som har stått for utbygging og drift etter at vi fekk konsesjon 17. 12. 2004.

Den sterke lokal oppslutninga var uttrykk for ei tillit til den tverrpolitisk semje myndighetene utforma gjennom Stortinget si handsaming av St. meld. nr 9 (2002-2003) og St.meld. nr 18 (2003-2004). Spørsmålet om å få del i sertifikatmarknaden, sjølv om den ikkje var etablert, følte vi var avklara gjennom fylgjande merknad frå Innstillinga til St.meld nr 18 (2003-2004)

***Komiteen mener det er avgjørende viktig at investeringer i fornybar energi ikke stopper opp i påvente av et slikt marked, og komiteen legger til grunn at alle som investerer i prosjekt fra og med 1. januar 2004, og som ellers vil bli tilkjent grønt sertifikat, får det. Komiteen viser i denne sammenheng til pressemelding fra olje- og energiminister Einar Steensnæs der han uttaler:***

***"Jeg vil understreke at de som bygger ut kraftproduksjon nå ikke skal tape på det ved en innføring av et marked for grønne sertifikater. Sertifikatberettigede anlegg for elektrisitetsproduksjon med byggestart etter 1. januar 2004 vil ha mulighet til å delta i et system for grønne sertifikater, selv om et slikt system måtte bli etablert etter dette tidspunkt."***

***Komiteen støtter dette.***

Vidar går det fram av innstillinga fylgjande:

***Komiteen medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet har merket seg den usikkerheten som har oppstått ved at Regjeringen har utsatt innføring av et grønt sertifikatmarked til 2006. Disse medlemmer viser til at et flertall på Stortinget flere ganger har understreket viktigheten av å få innført et pliktig grønt sertifikatmarked for ny fornybar energi, og mener at det bør innføres tidligere enn 1. januar 2006.***

***Disse medlemmer mener dette bør kunne iverksettes, om mulig ett år tidligere, fra 1. januar 2005.***

***Disse medlemmer foreslår:***

***"Stortinget ber Regjeringen legge frem det nødvendige lovforslag om innføring av et pliktig norsk –svensk sertifikatmarked så snart som mulig. Alle anlegg med byggestart etter 2004 og som kvalifiserer for det, må kunne omfattes av ordningen."***

På dette grunnlaget valde Folkestad Kraftverk å gå i gang med utbygginga og ta ansvar for ei investering på om lag 10 mill kroner. I alle møter med eigarane og fallrettshavarane har vi frå leiinga i selskapet si side sakt at vi kan stole på det myndigheitene har sakt, og at vårt verk med installert effekt på 1,9 MW er aktuell kandidat for ein framtidig sertifikatmarknad.

Med stor undring er vi gjennom utkastet til lov blitt kjend med at overgangsbestemmelsen i § 8 b er avgrensa til vannkraftverk med installert effekt inntil 1 MW.

Folkestad Kraftverk er glad for at det er komen ei lov om sertifikatmarknaden og at den er teknologinøytral og kan opne for ei satsing på utbygging av fornybar energi.

Men at ein ikkje kan rekne som sant kva noverande regjeringsparti har sakt i dette spørsmålet gjennom handsaminga av dei meldingane vi har omtalt tidlegare i brevet, er ille å vere vitne til.

Det ligg heller ikkje føre ei fagleg vurdering om verknaden for desse 180 verka, ved å ha vere lova, men no ikkje kan rekne med å få ta del i ei rettighetsbasert ordning dei økonomisk har rekna med. Samtidig vil produksjon av rein energi frå alle som kjem under § 8 punkt a, ha denne retten, medan dei verka som tok risiko på politiske lovnader blir svikta og diskriminert. Dette er etter vår vurdering eit lovnadsbrot og lite "forutsigbart" slik dei noverande regjeringsparti i dette spørsmålet tidlegare har understreka betydningen av.

Folkestad Kraftverk bed om at dette lovnadsbrotet blir retta opp, og at departementet i arbeidet med den endelige lovproposisjonen under § 8 b fører inn at rettighetsbeviset til elsertifikat skal gjelde opptil 10 MW.

Vi vonar dette bli teke til fylgje og at vi for ettertida slepp å sitje med inntrykk av å ha blitt ført bak lyset og diskriminert i ei rettighetsbasert ordning.

Med helsing

Folkestad Kraftverk AS

  
Jørgen Holte  
styreleiar